

NVE - Konsesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref. 2013-03/JH

Dato: 5. juli 2013

Søknad om planendring for Feios kraftverk

Vi syner til NVE sin innstilling til OED av 23. november 2009, løyve til bygging av Feios kraftverk ved kongeleg resolusjon av 8. mars 2013 som er stadfesta i brev frå OED datert 14. mars 2013 og Sognekraft sin konsesjonssøknad av februar 2013 om løyve til bygging av 132 kV-leidning Hove - Feios med transformatoranlegg.

Feios Kraftverk AS søker hermed om planendring for Feios kraftverk. Planendringa inneberer flytting av kraftstasjon i fjell, tilkomsttunnel og utløpstunnel til området ved eksisterande tømmerkai, om lag 1,2 km nærare Vangsnes. Sjå kartskisse i vedlegg nr. 1.

I samband med høyringsrunden for nettanlegget kom det fram sterke innvendingar mot den planlagde plasseringa av koplingsanlegget og starten på 132 kV linja frå Feios til Vik. Dei som bur i Hatleviki, i nærleiken av tilkomsttunnel og koplingsanlegg, meiner installasjonen kjem altfor tett inn på busetnaden. Dessutan er det mange frå Feios som hevdar at koplingsanlegget, slik det er tenkt plassert, vil bli svært skjemmaende for Feiosbygdi. Feios Kraftverk har saman med Sognekraft vurdert høyringsfråsegnene og konkludert med at flytting av kraftverk, tilkomsttunnel, utløpstunnel og koplingsanlegg til området ved eksisterande tømmerkai om lag 1,2 km nærare Vangsnes vil vere ei betre løysing sett i høve til miljøbelastninga for Feiosbygdi. Også økonomisk sett vil det bli ei gunstigare løysing sidan tilløpstunnelen vert kortare.


Basert på forprosjekt utarbeida av Statnett, vart Feios kraftverk planlagt med T-avgreining direkte inn på sentralnettet i Åfetdalen i Feios. I sin innstilling til OED konkluderte NVE med at ein ville slutthandsame søknaden etter energilova om bygging og drift av elektriske anlegg over 22 kV når søknaden om løyve etter vassdragslovgjevinga var avgjort. Statnett har dei siste åra vorte meir restriktive til bruk av T-avgreining mot sentralnettet og vil ikkje lenger akseptere den opphavlege løysinga for Feios kraftverk. For å gi nettilknytning for Feios kraftverk har difor Sognekraft søkt om løyve til bygging av ny linje mellom Feios og Vik, inklusive transformatoranlegg.

Dersom konsesjonssøknadane for både kraftverksutbygging og nettilkopling hadde vorte handsama i lag, ville truleg det nye plasseringsalternativet vorte valt.

Vi vonar på rask sakshandsaming og imøteser ei positiv avgjerd.

Med vennleg helsing
Feios Kraftverk AS


Jacob Hornnes
Dagleg leiar



Figur 1. Utbyggingsløsninger for Feios kraftverk. Kartet viser omsøkt alternativ med utløp i elva, konsesjonsgitt alternativ med utløp i sjø og nytt alternativ med utløp i sjø.